

Uttak av oppdrettslaks i Uskedalselva.

19.08.2016



Nye undersøkingar for å finne ut om det er rømt Linga-laks i Uskedalselva.

Det har tidlegare i sommar vore forsøkt gjenfangst av rømt Linga-laks i ei rekke elvar i Hardanger og Kvinnherad. I Uskedalselva har det vore forsøkt m.a. med rusefangst, men heldigvis med negativt resultat. Elveeigarlaget melder no at dette vert fulgt opp, og gjer merksam på at denne aktiviteteten kan få innverknad på fisket i elva.

I samband med undersøkinga av elva har elveeigarlaget sendt ut følgjande melding:

'Firmaet Rådgivende Biologer AS vil i perioden 22. - 24. august 2016 undersøke Uskedalselva på jakt etter rømd oppdrettslaks. Dei vil gå/symje i elva og ha med harpun for uttak. Dette vil påverke fisket i stor grad. Det er førebels ikkje seld fiskekort for desse dagane, men eventuelle nye kortkjøparar må merkje seg at fisket kan verte forringa av aktivitetane i elva. Uttaket heng saman med den store røminga frå Lingalaks tidlegare i sumar.'

Ut frå samtalar eg har hatt med fiskarar gjennom sesongen, er det gledeleg å høyra at innslaget av oppdrettslaks har vore lite.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland